



Fordi det er mogleg

Raudt Høyanger sitt program ved kommunestyrevalet 2023
raudt.no/hoyanger

Politiske hovudmål

Ein energipolitikk med

levelege straumprisar

for vanlege folk og for arbeidsplassar

- For redusert kraftekspорт
- Mot sløsande elektrifisering

Motarbeide auka klasseforskjellar

- Bremse auke i kommunale avgifter og prisar
- Gje fritak/reduksjonar til vanskelegstilte

Sentraliseringa må reverserast

Kommunen må få tilbakeført meir av skatt, avgifter og verdiskaping. Retninga har vore motsett; frå kommunar som vår til regionsentera, frå distrikt til byane, til byane sin «vestkant» og til investeringar i utlandet.

Rettferdig skattepolitikk - meir frå dei rike

Det gir kommunane armlag til å auke grunnbemanninga i omsorgsyrka, halde fram med god tilpassa undervisning, redusere klasceforskjellane, vedlikehalde kommunale bygg og gje tilsette gode arbeids- og lønsvilkår.

Nye industriarbeidsplassar

- Få gjennomslag for bygging av hall B for å sikre Hydro-bemanning og ringverknader. Hydro har areal og eigenkapital - staten må styre statseigde selskap og sikre vasskraft til samfunnsnyttig pris
- Unngå bedrifter og prosessar som gir seg ut for å vere miljøvenlege, men reelt sett er grønvasking

Styrke Høyanger kommune ved å:

- Bli ein føregangskommune på oppvekstvilkår, ungdomstilbod, kultur og omsorgsnivå
- Bli ein attraktiv arbeidsplass med tanke på arbeidsmiljø og alle andre vilkår
- Bli endå tydelegare solidaritetskommune, ved alltid å ta mot asylsøkjarar og flyktningar og ved å opprette venskapsrelasjon til Palestina
- Utvikle politisk handlekraft mot administrativ overstyring
- La tilsette sine erfaringar og vurderingar telje meir
- Organisere dialog-møte slik oppvekst hadde



Klima, miljø og natur

- **Redusert tørrlegging av vassdrag.** ENØK kan sikre auka kraftmengde på anna vis
- **Kommunen må ha eigen ENØK-plan** som også blir realisert
- **Private avfallspllassar og skrot må bort!**
Kommunen må kartlegge og ta ansvar
- **Kloakkhandteringen må utbetrast!** Revidere plan - gjere tiltak
- **Kommunale tiltak** overfor skjemmande næringsområde
- **Tiltak mot klimautslepp** - til dømes arbeid for meir kollektivtransport

I perioden 2019-2023 har også kommunen gått mot vindkraft og halde fast ved sitt forsvar for natur, miljø, friluftsliv og allemannsrett. Raudt forventar at kommunen held fram slik.

NEI TIL VINDKRAFT! JA TIL NATUR!
Landskap og natur sin fred og ro blir øydelagt av vindturbinar og vegar. Vindkraft betyr uopprettelige skade på miljø, dyreliv og friluftsliv.

Vi må sikre drikkevatnet mot ureining frå turbinar.

Naturen har også eigenverdi utanom menneska sin direkte bruk.

Vindkraft dempar ikkje sløsing, kraftekspolt og straumprisar.

RAUDT KREV AT KOMMUNEN STÅR VED SITT NEI TIL VINDKRAFT

Arbeidsplassar

og næring



- **Auke presset for energipolitikk** som tener norske interesser framfor EU/EØS-krav. Det er eit av vilkåra for arbeidsplassar
- **Oljefondet må brukast innanlands** – bl.a. til nye arbeidsplassar når olje/gassnæringa blir trappa ned
- **Foredle norske råvarer innanlands** – enten dei kjem frå vatn, vasskraft, skog, jord eller hav
- **Styrke sjølvforsyninga** på mat ved å gjenreise jordbruket med statlege landbruksoppgjer og kommunale bidrag. Årsverk i landbruket må likestilla sosialt og økonomisk med andre yrkesgrupper
- **Inga auke i fiskeoppdrett** før miljøproblema er dokumentert under kontroll
- **Bidra til plan for og tilskot til både lausdrift og fødebinge** slik at storfebønder kan klare dei auka kostnadane



Helse, omsorg og sosial

- **Individuell tilpassa omsorg!** Gje reelle val mellom heimenester, omsorgsbustad eller sjukeheim. Gje råd/støtte til praktiske bustadendringar og hjelpemiddel
- **Møte auken i talet på eldre** med utbygging av desentralisert tilbod når det gjeld omsorgsbustadar
- **Auka grunnbemannning i omsorgsektoren!** Gje tilsette meir tid og ressursar til å gje endå betre omsorg og pleie
- **Lågterskeltilbod innan rus- og psykiatritenesta!**
Med eit differensiert aktivitetstilbod
- **Tiltak mot fattigdom!** Dei som treng det, må få ytingar å leve godt av utan å måtte «gå på sosialen»
- **Sosialt fellesskap blant eldre!**
Bidra til samlingar blant eldre for å motverke einsemd
- **Bustadtilbod for unge og voksne med nedsett funksjons-evne!** Etablere bustadar/bukollektiv med miljørarbeidaran
- **Oppretthalde det lokale NAV-kontoret!**
Brukarane treng geografisk nærleik til tenestene
- **Lokal beredskap!** Støtte frivillige organisasjonar i arbeidet for god lokal beredskap i akutt- og krisesituasjonar
- **Utvida tilbod med individuell jobbstøtte (IPS)!** Hjelpe menneske med rus- og psykiske utfordringar med å komme i og behalde ordinært lønna arbeid



Born, ungdom og oppvekst

- **Oppretthalde skulestrukturen!** – større klassar minskar kontakten mellom lærar og elev
- **Tilstrekkeleg med delings-timar** til å dele store klassar og ha lågare terskel for bruk av vikar
- **Framhald i arbeidet for leksefri skule** (gjennom utviklingsarbeid mellom lærar og elev/foreldre)
- **Samarbeidsprosjekt og fellestimar!** – prosjekt på tvers av skulekrins-grenser
- Plan for utbetring av leikeplassar og utskifting av nedslitne leikeapparat
- Kommunale initiativ for aktivitet og møteplassar utanfor skuletid
- **Skulane må meir aktivt inn i «Bli kjent med Høyanger»**

- **VGS-prosjekt»** for å styrke elevgrunnlaget
- **Styrke barn og unge si fysiske og psykiske helse** gjennom bl.a. tilstrekkeleg helsesjukepleie-ressurs
- **Betre seksualundervisning** i skulane – inkludert bevisstgjering av jenter sin rett til å seie nei
- **Styrke ungdomsrådet** og gi det taletid og reell innverknad i kommunestyret og utvala
- **Ingen barn eller unge skal måtte oppleve trakassering**, mobbing eller diskriminering på bakgrunn av kven dei er eller kven dei blir forelska i
- **Alle skal ha ei kjekk og minneverdig barne- og ungdomstid**



Kultur, idrett og samfunn

- **Fjell og utmark til friluftsliv, natur og landbruk**
- ikkje til vindkraft
- **Universell tilgang** til samfunnsfunksjonar og tenester
- **Oppretthalding av bibliotekfilialar og opningstider!**
- **Fortsette vedlikehald av anlegg og tiltak for fysisk aktivitet!**
- **Oppretthalde/styrking av Høyanger sine fordeler som bustadkommune!** Gode og billegare tenester, tilgang til fjellområda, gode lokale for kommunale tenester
- **Betre framheving av Høyanger sine konkurransefordelar i forhold til andre kommunar!**
- **Bygge merkevara Industri, arbeidarhistorie og kultur** (arbeidstittel) som basis i historie, notid og kulturhistoriske landskap
- **Satse meir på reiseliv - bl.a. gjennom framheving av Høyanger sine særtrekk/moglegheiter**
- **Nei til organisering av kommunalt bustadføretak**
- det er byråkratiserande og inneber fare for mindre folkevalt styring



Kommunen som arbeidsgjevar

- Arbeidsgivarpolitikk som gjer tilsetting i Høyanger kommune meir attraktiv enn i andre kommunar
- Vidare- og etterutdanningstilbod for å auke kompetansen og for å kunne vinne fram i konkurransen med andre kommunar
- Arbeidsmiljø med «ein helsefremjande og meiningsfylt arbeidssituasjon» (slik arbeidsmiljølova krev)
- Utarbeiding av helsefremjande turnusar
- Forsøk med sekstimarsdag i tråd med fleire fagforbund sitt mål
- Raudt har skrive under eit løfte til Fagforbundet som i korte ordelag er slik
 - Heiltid som prinsipp - deltid berre etter avtale med tillitsvalte
 - Treparts-samarbeid og reell medavgjerd
 - Faste tilsettingar - ikkje innleige
 - To lærlingar pr. 1000 innbyggjarar
 - Krav om fagarbeidarar og lærlingar i kommunen sine innkjøp og kontraktar



Raudt har stått på

- For å redusere klasseforskellar; for reduksjon i SFO- og barnehagesatsar, for avgrensa husleigeauke og mot avkorting av sosialhjelp når hjelpesøkande har barn som får barnetrygd
- For å hindre sentralisering; vi har avvist plan om å sentralisere sjukeheimar og heildøgns omsorgsplassar
- For å redusere politikarane si særrettar; frysing av ordføraren si million-løn og reduksjon av andre politikarar sine godt gjersler utover dekking av tapt løn
- For fagforeiningskrav; «Insourcing» av reinhald, etablering av kommunalt vikarbyrå og for auka grunnbemanning
- For utvida demokrati og folkevalt styring; Mot overstyring/diktat ved omorganisering; for eksempel ved organisasjonsendringar innanfor helse og omsorg
- For utvida demokrati og folkevalt styring; for at fleire saker skal behandlast politisk; for eksempel eventuell samanslåing av klassar, oppheving av delingstimar m.m.
- For miljø; Test av solceller til veglys, utgreiing av ENØK-moglegheiter i kommunale bygg, trafiksikkerheit
- Fokus mot energisløsing og straumprisauke; for redusert krafteksport og mot elektrifisering av sokkelen

Også fylkestingsval

Raudt Vestland har som mål å doble frå to til fire representantar i Vestland fylkesting. Jeanette Syversen og Terje Kollbotn har gjort ein framifrå innsats så langt. Men ved å doble kan vi bli endå meir aktive talerøyr for lokalsamfunna, for vanlege folk og for dei tilsette som gjer jobben.

Høyanger og Sogn og Fjordane treng Raudt-folk på fylkestingen som kan stå opp

- For dei mindre vidargåande skulane
- For interessene ute i distrikta og på industristadane
- For trygge/rassikre vegar og kollektivtrafikk her vi bur
- For ein nærings- og energipolitikk som bidreg til opprett-halding av buseetting og vern av naturmangfald og miljø

Og vi vil ha eit fylkesting som ikkje pressar fram vindkraft-utbygging og sentralisering. Raudt har eit eige program for Vestland som er å finne på nettsida.



*Vil du ha innsats for slike programpunkt inn i Vestland fylkesting må du stemme på desse (frå venstre):
Jeanette Syversen (1. kandidat), Johan Lavik (3. kandidat),
Rita Tonning (2. kandidat) og Sindre Måge (4. kandidat).*

Eit anna samfunn er mogleg

Raudt sitt mål er eit samfunn i likevekt med natur og miljø, og der alle menneske har likeverdige plikter og rettar.

Alle menneske skal då yte etter evne og få etter behov. Det skal skje uavhengig av bakgrunn, hufarge, kjønn, legning og kjønnsidentitet.

Dette skal bli eit samfunn med reelt demokrati på arbeidsplassen. Og det skal vere eit samfunn utan kvinneundertrykking, rasisme, stengde grenser og klasseforskjellar.

I dag går samfunnet på mange område i motsett retning. Klasleforskjellane aukar – også i det sosialdemokratiske Noreg. Natur og miljø går på kostnad av profitt – ikkje minst når det gjeld vindkraft. Kvinner si snittlønn er berre 88% av menn si lønn (2021). Det er framleis krig i verda – mellom stormakter med sine økonomiske og politiske eigeninteresser og frå stormakter si side mot mindre land.

Raudt arbeider derfor for eit sosialistisk samfunn i Noreg som del av ei ny ordning i heile verda. Der har fleirtalsinteresser og fredsmål overteke styringa, med utvisking av dei kunstige og uakseptable forskjellane mellom menneska som mål.





Raudt Høyanger si valliste 2023

1. Einar Ove Rysjedal
2. Hedda Andrine Skår Indrebø
3. Mathias Raknerud Hatlestad
4. Ingunn Kandal
5. Arild Ullebø
6. Siv Anne Haaheim
7. Vidar Myren
8. Marie Anda
9. Knut-Egil Ohnstad
10. Randi Aven
11. Jarle Martin Håland
12. Hroar Kyrkjebø Kleiven
13. Anne Marie Merkesvik Fimreite
14. Hilde Raknerud
15. Inger Anette Vik Olsen
16. Svein-Rune Moi
17. Ida Vangnes Hatlestad
18. Karen Elise Ramsli
19. Anne-Britt Helleseth Skjerven
20. Sveinung Austrheim Kvist
21. Berit Iversen
22. Lisbeth Dregelid
23. Jofrid Nordstrand Forthun
24. Jan Sæbø
25. Hilde Fjærén
26. Kristine Engh Strandos
27. Thor Ullebø

**Vi treng di stemme
- du treng vår stemme**

både i Høyanger kommune og i Vestland fylke

